


# Utgiftene kommunane har til busetting og integrering av flyktingar og personar med opphald på humanitært grunnlag i 2021

Rapport frå Berekningsutvalet august 2022



**IMDi**  
Integrerings- og  
mangfoldsdirektoratet

# Innhold

<b>1 Samandrag</b> .....	<b>3</b>
Utgiftene som vert dekt av integreringstilskotet.....	3
Utgiftene som vert dekt av norsktilskotet .....	5
<b>2 Innleiing og mandat</b> .....	<b>7</b>
Samansetning .....	8
<b>3 Målgruppa</b> .....	<b>9</b>
<b>4 Utgifter til integreringstiltak og administrasjon</b> .....	<b>11</b>
<b>5 Utgifter til sosialhjelp og introduksjonsstønad</b> .....	<b>13</b>
Utgifter til sosialhjelp.....	13
Utgifter til introduksjonsstønad .....	14
<b>6 Utgifter til opplæring i norsk og samfunnskunnskap</b> .....	<b>16</b>
<b>7 Dekningsgrad over tid</b> .....	<b>19</b>
<b>8 Tilskotsordningane</b> .....	<b>25</b>
Integreringstilskot .....	25
Særskilt tilskot for einslege mindreårige .....	26
Norsktilskot.....	26
<b>9 Kartleggingsmetode</b> .....	<b>28</b>
Introduksjonsstønad og sosialhjelp .....	28
Bruk av KOSTRA og SSB sine kontrollar av data .....	28
Vurdering av datakvalitet .....	28
Integreringstiltak og administrasjon av desse .....	29
Utgiftsområda som vert kartlagt .....	29
Berekning av gjennomsnittsutgifter per person .....	31
Vurdering av datakvalitet og kvalitetssikring.....	31
Opplæring i norsk og samfunnskunnskap .....	32
Kartlagde utgiftsområder.....	33
Vurdering av datakvalitet .....	33
Kommunale helsetenester .....	34
<b>10 Vedlegg</b> .....	<b>35</b>



# 1 Samandrag

Kartlegginga av 2021 viser at kommunane i stor grad får dekkja dei gjennomsnittlege utgiftene til busetting og integrering av flyktingar i dei fem åra kommunane mottok integreringstilskot. Kommunane får derimot i mindre grad dekkja dei gjennomsnittlege utgiftene til opplæring i norsk og samfunnskunnskap i dei tre åra kommunane mottok norsktilskot. Eit hovudfunn i denne kartlegginga, som i alle tidlegare kartleggingar, er at det er store skilnader i utgiftsnivået mellom kommunane.

Gjennomsnittsutgiftene til busetting og integrering for femårsperioden var 809 200 kroner per person i målgruppa. Det er ein auke på 9,9 prosent samanlikna med 2020. Dekningsgraden for integreringstilskotet i 2021 er 97,3 prosent, som er ein nedgang på 8,6 prosent frå 105,9 prosent i 2020.

Dekningsgraden for norsktilskotet er i 2021 berekna til 68,4 prosent, som er ein nedgang på 0,3 prosent samanlikna med året før. I 2021 var timeprisen på 1 895 kroner. Dette er ein nedgang på 4,29 prosent frå året før.

Berekningsutvalet er eit partsamansett utval frå staten og kommunesektoren. Utvalet skal følgje med på om det er rimeleg samsvar mellom kommunane sine utgifter og dei statlege tilskota til formålet. Utvalet kartlegg kvart år kommunane sine utgifter til busetting og integrering av flyktingar og personar med opphald på humanitært grunnlag, og utgiftene til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Utgiftene vert sett opp mot integreringstilskotet, særskilt tilskot for einslege mindreårige og tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar (norsktilskotet). Rapporten er innspel til regjeringa sitt arbeid med statsbudsjettet.

Metoden er innhenting av opplysningar gjennom spørjeskjema og systematisk rettleiing i utvalskommunane. I kartlegginga av 2021 var det 20 kommunar som deltok. Flyktingane i utvalskommunane utgjorde 31,2 prosent av alle flyktingar som utløysar integreringstilskot. Landsdekkande tal for utgiftene til utbetalt sosialhjelp og introduksjonsstønad vert innhenta ved hjelp av KOSTRA-tal som Statistisk sentralbyrå (SSB) kvalitetssikrar for Berekningsutvalet.

## Utgiftene som vert dekt av integreringstilskotet

Integreringstilskotet skal dekke gjennomsnittlege utgifter til busetting og integrering det året flyktingen buset seg i ein kommune, og i dei fire neste åra. I kartlegginga av 2021 er kommunane sine gjennomsnittlege nettoutgifter estimert til 809 200 kroner per person i målgruppa over fem år.

I kommunanes gjennomsnittlege nettoutgifter inngår sosialhjelp, introduksjonsstønad, og integreringstiltak til flyktingar og administrasjon av tiltaka. Den største delen av totale nettoutgifter er knytt til kommunane sine integreringstiltak og administrasjon av desse, og utgjør 445 400 kroner per person.

Utgifter til integreringstiltak og administrasjon av tiltaka kartleggast ved hjelp av spørjeskjema i 20 utvalskommunar, fordi det ikkje er mogleg å innhente desse opplysningane direkte frå eksisterande kommunerapportering. Utgifter til utbetalt sosialhjelp og introduksjonsstønad er landsdekkande tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB). Utgiftene til sosialhjelp utgjør 91 584 per person i målgruppa over fem år, mens utgifter til introduksjonsstønad utgjør 235 533 per person i målgruppa over fem år.

Helseutgifter er ikkje ein del av dei årlege kartlagde utgiftene i spørjeskjemaet, men ein prisjustert sats frå ein tidlegare kartlegging av helseutgifter. Prisjustert sats for utgifter til helse er på 36 600 kroner per person over fem år i 2021.

**Tabell 1. Utgift per person som utløyer integreringstilskot i en femårsperiode. Resultat av kartlegginga av 2021 og 2020. Kroner.**

	2021	2020	Endring	Prosentvis endring
Utgifter til integreringstiltak og administrasjon av disse	445 400	395 800	49 600	12,5
Utbetalt sosialhjelp	91 584	86 400	5 184	6,0
Utbetalt introduksjonsstønad	235 533	218 528	17 005	7,8
Utgifter til helsetenester	36 600	35 600	1000	2,7
<b>Samlede utgifter per person</b>	<b>809 117</b>	<b>736 328</b>	<b>72 289</b>	<b>9,9%</b>

Kilde: Berekningsutvalet og SSB

Tabell 2 viser forholdet mellom integreringstilskotets satsar og berekna gjennomsnittleg utgift per person i målgruppa i 2021 og 2020. Dekningsgraden for dei ulike satsane kjem fram ved å dele tilskotet på gjennomsnittleg berekna nettoutgift for femårsperioden. Dekningsgraden går ned frå 105,9 prosent i 2020 til 97,3 prosent i 2021.

**Tabell 2. Integreringstilskotets dekningsgrad i 2021 og 2020.**


	2021	2020	Endring	Prosentvis endring
Integreringstilskot, einsleg vaksen	827 300	819 000	8 300	1,0
Integreringstilskot, andre	780 600	772 300	8 300	1,1
Samla utgifter i femårsperioden	809 117	736 328	72 789	9,9
Berekna utbetalt tilskot per person i målgruppa i femårsperioden	787 300	777 700	9 600	1,2
<b>Dekningsgrad</b>	<b>97,3%</b>	<b>105,9 %</b>		<b>- 8,6</b>

Kilde: Berekningsutvalet, SSB og IMDi.

I 2021 var det svært få einslege mindreårige i målgruppa for integreringstilskotet (348 i utvalkommunane og 805 på landsbasis). Det er difor ikkje utarbeid ein eigen rapport for einslege mindreårige for 2021, slik det har vore gjort i dei åra talet på denne gruppa var høgt. Einslege mindreårige er medrekna i resultatet for dekningsgraden av integreringstilskotet på 97,3 pst.

Figur 1 viser korleis forholdet mellom kommunane sine utgifter og integreringstilskot har endra seg dei elleve siste åra. Normalsituasjonen har vore ei avgrensa underdekning. Åra 2019 og 2020 var eit unntak med ein dekningsgrad på over 100 prosent. Mens i 2021 er dekningsgraden igjen gått ned til 97,3 prosent.

**Figur 1 Samla utgifter for femårsperioden per person samanlikna med gjennomsnitt av satsar for integreringstilskot i perioden 2010 – 2021.**



Kjelde: Berekningsutvalet og IMDi.

Kommunane sine utgifter avheng mellom anna av kven flyktningane er, kva som er behova deira, kor mange dei er, korleis dei fordeler seg på årskulla i integreringslaupet, og kordan det gjeng med integreringa deira. Utgiftene avheng og av kommunane sine tiltak og resultat, og av rammefaktorar som arbeidsmarknad, lovverk, og tilskot.

Noko av forklaringa på at kommunane sine gjennomsnittlege utgifter til personar i målgruppa aukar igjen, og at dekningsgraden går ned i 2021, er at prosentandelen av flyktningane som er i år 4 og 5 i tilskotsperioden går noko ned igjen, etter å ha vore rekordhøg. År 4 og 5 i tilskotsperioden er dei åra kor kommunane har minst utgifter. Samansetninga av målgruppa med fleire overføringsflyktningar som treng meir oppfølging, gjer auka utgifter. Endra samansetning av utvalskommunar har og innverknad på gjennomsnittsutgiftene.

## Utgiftene som vert dekt av norsktilskotet


Norsktilskotet er eit persontilskot fordelt over tre år som skal dekke kommunane sine utgifter til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Berekningsutvalet kartlegg kommunane sine gjennomsnittlege utgifter per undervisningstime for alle personar som mottok norskopplæring i dei 20 utvalskommunane.

Gjennomsnittleg utgift per undervisningstime medrekna lokalar var i 2021 på 1 895 kroner. Det er ein nedgang på 4,3 prosent samanlikna med 2020.

Figur 2 viser utviklinga i timeprisen per undervisningstime frå 2010 til 2021.

**Figur 2. Utgifter per undervisningstime i åra 2010 til 2021**

Kjelde: Berekningsutvalet.



Endring i årleg samansetning av utvalskommunar vil i seg sjølv medføre endringar i talet på deltakarar og undervisningstimar.

Det er eit stort spenn både i talet på deltakarar, utgifter per undervisningstime og i innrapportert gruppestørleik blant utvalskommunane i 2021.

Eksempla i tabellen illustrerer dekningsgraden til norsktilskotet med fire ulike gruppestørleiker.

Tilskot per deltakar med høg sats var til saman 151 800 kroner fordelt over tre år. Dersom kvar deltakar i snitt fekk 1298 opplæringstimar slik NIR-tal viser, ville det vore naudsynt med ein gruppestørleik på 17 personar for at norsktilskotet skulle dekke gjennomsnittsutgiftene. Dette er langt frå realiteten i mange av dei kartlagde kommunane.

**Tabell 3. Norsktilskotets dekningsgrad for 2021. Kostnader per deltakar som har avslutta opplæring etter ulik gruppestørrelse.**

Timespris m/lokalar	Gruppestørrelse	Talet på timar pr deltakar	Kostnad pr deltakar	Tilskudd per deltakar høg sats	Avvik
1 895	8	1 298	307 464	151 800	-155 664
1 895	13	1 298	189 208	151 800	-37 408
1895	17	1 298	144 689	151 800	7 111
1895	18	1 298	136 651	151 800	15 149

Kilde: Berekningsutvalet

Dei 20 utvalskommunane rapporterte ei samla utgift på 628 664 500 kroner, og samla inntekter på 430 006 900 kroner i 2021. Dette gir ein dekningsgrad på 68,4 prosent som er ein nedgang på 0,3 prosent samanlikna med året før. Kostnadsbildet for vaksenopplæringa er at kommunane totalt sett har utgifter som overstig finansieringa.

# 2 Innleiing og mandat

Mandatet for kartlegginga er:

*"Beregningsutvalget skal hvert år kartlegge kommunenes utgifter til bosetting og integrering. Kartleggingen må tilpasses det til enhver tid gjeldende regelverk."*

Beregningsutvalet vart oppnemnd av Kommunal- og arbeidsdepartementet i 1990 som ei oppfølging av St.meld. 61 (1989-90). Utvalet har kvart år sidan 1991 kartlagt kommunane sine utgifter til busetting og integrering av flyktingar og personar med opphald på humanitært grunnlag. Ein ser utgiftene opp mot integreringstilskotet, særskilt tilskot for einslege mindreårige og tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag (norsktilskot). Tilskotsordningane er skildra i kapittel 8.

Før kartlegginga av utgiftsåret 2021 var resultat delt inn i to rapportar. Ein hovudrapport og ein delrapport om einslege mindreårige. Hovudrapporten viste kommunane sine totale utgifter til busetting og integrering av alle flyktingar og personar med opphald på humanitært grunnlag. Delrapporten presenterte resultatane av kartlegginga av utgiftene til busetting og integrering av einslege mindreårige. I 2021 er talet på einslege mindreårige lavt, og gruppa er berre kort skildra i hovudrapporten. Beregningsutvalet kartlegg utgiftene i femårsperioden dei einslege mindreårige utløyser integreringstilskot.

Beregningsutvalet kartlegg kommunane sine netto driftsutgifter. Startstilskot (med unntak frå integreringstilskot, særskilt tilskot og norsktilskot), refusjonar, sals- og leigeinntekter og andre inntekter vert trekt frå brutto driftsutgifter. Målet er å gi ei så korrekt framstilling som mogleg av utgiftene til målgruppa som utløyser tilskota. Det som vert kartlagt er utgiftene til integreringstiltak og administrasjon, sosialhjelp og introduksjonsstønad. Beregningsutvalet drøftar og analyserer resultatane frå kartlegginga og gir ei forklaring på årsakene til eventuelle endringar. Beregningsutvalet skal også analysere utgiftene over tid.

Beregningsutvalet gjennomfører ein eigen undersøking for å kartlegge utgiftene til integreringstiltak og administrasjon. Grunnen er at det ikkje er mogleg å hente opplysningane direkte frå eksisterande kommunerapportering. Om lag 20 kommunar deltek i kartlegginga kvart år. I 2021 deltok 20 kommunar i kartlegginga. Ein tek omsyn til storleik, geografisk spreinga og at dei samla har busett ein stor nok del av målgruppa.

Utgiftene vert kartlagt ved hjelp av spørjeskjema til utvalskommunane.

Tenesteområda som vert kartlagt i hovudundersøkinga er:

- Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid
- Introduksjonsordninga
- Grunnskuleopplæring for vaksne
- Administrasjon av kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad
- Sysselsettingstiltak
- Bustad og bustads administrasjon
- Støttekontakt, aktivisering, pleie og omsorg i heimen
- Barne og ungdomsvern
- Ekstratiltak i grunnskulen
- Barnehage og ekstratiltak
- Felleskostnadar

Kultur og ungdomstiltak inngår med ein prisjustert sats.

Utgiftene til sosialhjelp og introduksjonsstønad vert innhenta ved hjelp av KOSTRA-tal som Statistisk sentralbyrå (SSB) arbeider med.

Resultatet av kartlegginga inngår i regjeringa si avgjerd for tilskotsordningane sine satsar. Oppdraget er å vise kommunane sine samla utgifter, og er ikkje egna for å gi samanliknbare fordelingar etter tenesteområde.



## Samansetning

Utvalet består av fire representantar frå kommunesektoren og fire representantar frå staten. Berekningsutvalet hadde i kartleggingsperioden følgjande samansetning:

Frå staten:

Bjørn Holden, utvalsleiar og fagdirektør, IMDi

Tor Håkon Skomsvold, direktør, Statsforvaltaren i Oslo og Viken

Sølvi Mogseth, rådgjevar, Statsforvaltaren i Agder

Karsten Schroeder, seniorrådgjevar, Statsforvaltaren i Trøndelag (til mars 2022)

Frå kommunesektoren:

Nina Gran, fagleiar, KS

Rune Bye, avdelingsdirektør, KS

Rebecka Båld, avdelingsleiar, Kragerø kommune

Jon Erik Rønning, avdelingsleiar, Lillehammer kommune

Utvalet har i kartleggingsperioden ikkje hatt ein fast utvalssekretær, men fleire tilsette i IMDi og hos Statsforvaltaren i Oslo og Viken har vært nytta til ulike deloppgåver

Kari Kraakenes, rådgjevar, SSB, har kvalitetssikra nasjonale tal på sosialhjelp og introduksjonsstønad

# 3 Målgruppa

Målgruppa er flyktningar, personar med opphald på humanitært grunnlag, samt personar som har kome på familieinnvandring med desse. Barn født inntil seks månadar etter at mor er busett i ein kommune, og einslege mindreårige som er i målgruppa for integreringstilskot.

Tal på personar som utløyste integreringstilskot i 2021 var 37 480 på landsbasis, som er ein nedgang på 11 243 personar og 23,1 prosent frå året før. Nedgangen skuldast særleg at det store 2016 kullet har gått ut av målgruppa. Oversikt over talet på personar i målgruppa samanlikna med året før er skildra i tabell 3.1.

**Tabell 3.1 Endring i storleik og samansetning av målgruppa frå 2020 til 2021**

	2021	2020	Endring	Prosentvis endring
Tal personar i målgruppa, heile landet	37 480	48 723	-11 243	-23,1
Tal personar i målgruppa, utvalskommunane	11 695	13 574	-1 879	-13,8
Tal førstegangsbusette, heile landet	4 489	2 916	1 573	53,9
Tal som var del av ein familie	3 858	2 472	1 384	55,9
Tal som var einsleg vaksne	523	363	160	44,1
Tal som var einslege mindreårige	108	80	28	35
Tal førstegangsbusette i utvalskommunane	1 566	989	577	58,3
Tal einslege mindreårige, heile landet	805	1 823	-1 017	-56
Tal einslege mindreårige, utvalskommunane	348	571	-223	-39


Kjelde: Berekningsutvalet, IMDi og SSB.

I utvalskommunane var det til saman 348 einslege mindreårige i 2021. Året før var talet 571 einslege mindreårige i utvalskommunane. Nedgangen skuldast både at mange einslege mindreårige har gått ut av målgruppa og at det har vore svært låg busetting av denne gruppa dei siste åra.

Resultatet frå dei store byane har større betydning for gjennomsnittet fordi ein større del av flyktningane bur i desse kommunane. I tillegg vil endringar i utvalskommunar kunne føre til endringar i det samla kostnadsbilete. Utvalet vurderer at utvalskommunane utgjer eit representativt utval for heile målgruppa nasjonalt.

Dei seinare åra har det vore stor variasjon i talet på personar som er busett i kartleggingsåret. Dette skuldast både svært høge tilkomstar i perioden 2015-2017, mykje lågare tilkomstar frå 2018, og koronapandemien i 2020-21.


**Figur 3. Samansetning av femårskullet i perioden 2017 til 2021. Prosent**



Kjelde: Berekningsutvalet, IMDi og SSB.

Kven flyktningane er, kor mange dei er, og kor dei er i integreringslaupet, påverkar utgiftsbilete. I 2021-kartlegginga er om lag 81 prosent av dei førstegangsbusette overføringsflyktningar, og om lag 85 prosent av dei førstegangsbusette tilhøyrar ein familie. Talet på einslege mindreårige i utvalskommunane går ned frå 571 personar i 2020, til 348 personar i 2021. Det er ein nedgang på 39 prosent. Einslege mindreårige påverkar no nesten ikkje kommunane sine samla utgifter, i motsetnad til tidlegare år da talet var høgt.

**Figur 4. Del personar i familiar, einsleg vaksne og einslege mindreårige blant dei førstegangsbusette i åra 2013-2021. Prosent.**



Kjelde: Berekningsutvalet, IMDi og SSB.


## 4 Utgifter til integreringstiltak og administrasjon

I 2021 er berekna gjennomsnittlege utgifter til integreringstiltak og administrasjon av tiltaka for eit år 111 715 kroner per person i målgruppa for integreringstilskotet. Beløpet vert multiplisert med fem år for å få utgiftene over femårsperioden, og vert 558 575 kroner for fem år. Det er ein auke i gjennomsnittlege utgifter på 12,5 prosent samanlikna med året før. Det er fleire faktorar som medverkar til endringa. Dei største utgiftsområda er introduksjonsprogram, barn- og ungdomsvern, og råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid.

Det er stor variasjon mellom kommunane når det gjeld del av totalutgiftene som går til kvart utgiftsområde. Ein årsak er at organiseringa og måten ein fører utgiftene på kan variere mellom kommunane, og kommunane kan og endre rekneskapsføringa si over tid. Til dømes gjeld dette fordelinga av utgiftene mellom introduksjonsprogram og sosiale tenester, og det er viktig å sjå endringane på desse to tenesteområda i samanheng.

Oppsplitta data vil difor i avgrensa grad kunne nyttast som grunnlag for å trekkje konklusjonar om aktivitetsnivået på dei enkelte tenesteområda. Sjå vedlegg 8 for skilnaden mellom median og gjennomsnittet for kvart utgiftsområde. Median er observasjonen i midten når observasjonen er sortert i stigande rekkjefølgje. Medianen vert ikkje påverka av ekstreme verdiar slik gjennomsnittet blir. Skilnaden mellom median og gjennomsnitt skuldast blant anna at enkeltkommunar har høge eller låge utgifter som trekk opp eller ned gjennomsnittet. Figur 2 viser ei oversikt over dei ulike utgiftsområda.

**Figur 5. Utgiftsbilete i kroner. 2021.**



Kjelde: Berekningsutvalet

Dei tenesteområda som aukar utgiftene mest frå 2020 til 2021 er introduksjonsprogram, ekstratiltak i grunnskule, bustad og grunnskuleopplæring for vaksne. Derimot er barnevern det tenesteområdet kor utgiftene går mest ned.

Det er eit samspel av ulike årsaker som gjer at utgiftene endrar seg på dei forskjellige tenesteområda. Det har dels samanheng med generelle endringar i behova til brukarane av tenestene. Men det har dels også samanheng med endra utgiftsbilete i enkeltkommunar.


At utgiftene til barnevern går markant ned skuldast at talet på einslege mindreårige stuper, og at kommunane har langt færre einslege mindreårige i barnevernstiltak enn tidlegare. Samstundes ser ein at enkeltkommunar framleis kan ha store utgifter til eit fåtal einslege mindreårige i bustadtiltak, dels fordi kapasiteten ikkje er bygd raskt ned til eit mykje lågare tal i målgruppa.

Auken i utgiftene til ekstratiltak i grunnskulen skuldast hovudsakeleg at dei nye utvalskommunane har fleire tiltak til målgruppa enn dei kommunane som har gått ut av undersøkinga. Det kan og ha samanheng med at behova til barn i grunnskulealder er større enn tidlegare, mellom anna fordi fleire har bakgrunn som overføringsflyktningar med dårleg skuletilbod før dei kom til Norge. Nokre kommunar har og peikt på at dei ikkje lenger får like mykje særskilt tilskot for personar med nedsett funksjonsevne frå IMDi til å dekkje behovet deira for skulepedagogiske ekstratiltak.

Auken i gjennomsnittlege utgifter til grunnskuleopplæring for vaksne kan forklarast med auka behov hos busette overføringsflyktningar som manglar grunnleggande utdanning.

Auken i utgifter til introduksjonsprogram har mellom anna samanheng med at fleire flyktningar har fått forlenga program også i 2021 på grunn av koronasituasjonen i 2020 og 2021. Rapporteringa frå kommunane tyder på at ekstra tilskot til forlenga program i det store og heile dekkjer dei ekstra utgiftene. Nye utvalskommunar trekker gjennomsnittet på utgiftsområdet noko opp. Nytt lovverk og kostnader til obligatoriske kurs kan og spele inn. Bokføringa av utgifter til introduksjonsprogram og sosiale tenester må sjåast i samanheng.

**Figur 6. Utgiftsbilete i prosent. Hovudundersøkinga. 2021.**



# 5 Utgifter til sosialhjelp og introduksjonsstønad

I kartlegginga av sosialhjelp og introduksjonsstønad brukar ein landsgjennomsnittet for utbetalt sosialhjelp og introduksjonsstønad per person i målgruppa over ei periode på fem år, ikkje per stønadmottakar. Kvar person som utløysar integreringstilskot er med i berekninga sjølv om dei ikkje mottek ytinga. Sum utbetalt stønad er avhengig av kor mange i målgruppa som mottok stønad, og summen kvar registrert stønadmottakar får i støtte. Fordelen med denne metoden er at gjennomsnittet ikkje vert påverka av tal på personar i kvart årskull. Berekninga tek omsyn til at samansetninga av kvart årskull varierer frå år til år. Datakjelda er innrapporterte data frå kommunane til SSB, kopla mot Utlendingsdatabasen/IMDi sin interne database.

Økonomisk stønad som vert utbetalt i etableringsfasa er stort sett sosialhjelp, som gjer at utgiftene til sosialhjelp ofte er høgare for årskull ein enn for årskull to til fire. Dei fleste deltek i introduksjonsprogrammet i år to og tre etter busetting. Enkelte kommunar utbetalar økonomisk stønad i etableringsfasen utan at det er klientført som sosialhjelp. Desse utgiftene kjem med i hovudundersøkinga, ikkje i landstala for utbetalt sosialhjelp.

## Utgifter til sosialhjelp


Tabell 5.1 viser gjennomsnittleg utbetalt sosialhjelp i 2021 og 2020 per person i målgruppa fordelt etter kva år dei vart busett. Summen av gjennomsnittleg utbetaling per person er 91 584 kroner, som er ein auke på 5 184 kroner eller 6 prosent samanlikna med året før. Talet på flyktningar i målgruppa påverkar dei berekna utgiftene.

**Tabell 5.1 Gjennomsnittleg utbetalt sosialhjelp**

Busettingsår	Gjennomsnittleg	Gjennomsnittleg
	sosialhjelp i 2021 per person	sosialhjelp i 2020 per person
2016		18 500
2017	19 206	16 800
2018	18 892	13 800
2019	14 183	17 000
2020	21 257	20 200
2021	18 046	
<b>Sum</b>	<b>91 584</b>	<b>86 400</b>

Kjelde: SSB.

**Figur 7. Gjennomsnittleg utbetalt sosialhjelp**



### Utgifter til introduksjonsstønad

Introduksjonsstønad vert utbetalt til deltakarar i introduksjonsprogrammet. På årsbasis er stønaden lik to gongar folketrygda sitt grunnbeløp. Deltakarar under 25 år mottek 2/3 stønad. Nokre kommunar utbetalar likevel full stønad til personer under 25 år som ikkje bur saman med familie. Kvart år vert satsane justert etter grunnbeløpet i Folketrygda.


Tabell 5.2 viser gjennomsnittleg utbetalt introduksjonsstønad per person i målgruppa ut frå når dei vart busett. Gjennomsnittleg utbetalt introduksjonsstønad per person i målgruppa over femårsperioden er på 235 533 kroner. Dette er ein auke på 17 005 kroner eller 7,8 prosent samanlikna med 2020. Talet på flyktningar i målgruppa påverkar dei berekna utgiftene.

**Tabell 5.2 Gjennomsnittlig utbetalt introduksjonsstønad**

Busettingsår	Gjennomsnittlig introduksjonsstønad i 2021 per person	Gjennomsnittlig introduksjonsstønad i 2020 per person
2016		10 355
2017	12 235	36 987
2018	48 347	75 436
2019	77 439	75 290
2020	83 479	20 460
2021	14 034	
<b>Sum</b>	<b>235 533</b>	<b>218 528</b>

Kjelde: SSB.

**Figur 8. Gjennomsnittlig utbetalt introduksjonsstønad**





# 6 Utgifter til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Norsktilskotet er eit persontilskot fordelt over tre år som skal dekke kommunane sine utgifter til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar.

Målgruppa for berekninga av utgiftene til opplæring i norsk og samfunnskunnskap skil seg dermed frå kven som er i målgruppa for integreringstilskot.

Målgruppa er litt ulik avhengig av om personen får opplæring etter Introduksjonslova eller Integreringslova. Målgruppa for introduksjonslova er personar mellom 16- 67 år som får opplæring i kommunen. Målgruppa for integreringslova er personar mellom 18-67 år som får opplæring i kommunen. Dette gjer ikkje utslag på utgiftene per person om personen får opplæringa etter introduksjonslova eller integreringslova. Målgruppa er også deltakarakar som ikkje inngår i personkretsen for norsktilskotet med rett og plikt, eller berre plikt til opplæring. Asylsøkjarakar og betalingsdeltakarakar er tatt med i utgiftskartlegginga.

Berekningsutvalet kartlegg kommunane sine gjennomsnittlege utgifter per undervisningstime for alle personar som mottek norskopplæring. Dette skjer gjennom ein særskilt spørjeundersøking til dei 20 utvalskommunane.

Dei totale utgiftene til opplæring i norsk og samfunnskunnskap i dei 20 utvalskommunane var i 2021 på 628 664 526 kroner, medan inntektene var 430 006 918 kroner. Dette gir ein dekningsgrad på 68,4 prosent som er ein nedgang på 0,3 prosent samanlikna med året før.

Den årlege endringa i samansetninga av utvalskommunar vil i seg sjølv medføre endringar i talet på deltakarakar og talet på undervisningstimar. Delen av målgruppa i den endra samansetninga av utvalskommunar gjeng opp frå 2020 til 2021, og dette forklarar auken i talet på deltakarakar i utvalsundersøkinga av norskopplæringa. Det er om lag 3 000 fleire deltakarakar i 2021 enn det var i 2020, som er ein auke på 29,9 prosent. Talet på undervisningstimar har av same grunn også gått opp frå 258 639 i 2020 til 331 834 i 2021. I utvalskommunane varierer talet på deltakarakar i norskopplæringa frå 47 til 5 222 personar.

**Tabell 6.1 Tal deltakarakar og undervisningstimar totalt i perioden 2017 til 2021 for utvalskommunane**

	2017	2018	2019	2020	2021
Tal deltakarakar	24 760	19 768	16 259	10 246	13 313
Tal undervisningstimar	573 224	526 529	406 889	258 639	331 834

Kjelde: Berekningsutvalet.

Det er store skilnader mellom utvalskommunane både i talet på deltakarakar, gjennomsnittsutgiftene per undervisningstime og i innrapportert gruppestorleik.

For å berekne gjennomsnittleg utgift per elev brukar ein gjennomsnittleg tal på timar opplæring som er gjennomført per deltakarakar, utgifter per undervisningstime og gruppestorleik.

Når det gjeld gjennomsnittsutgifter per undervisningstime er det store skilnader mellom utvalskommunane. Har ein låg timepris, kan ein dekke kostnadane med eit lågare tal deltakarakar per gruppe. Er timepris derimot høg, vil ein trenge fleire deltakarakar for å få dekkja utgiftene sine. Gruppestorleiken varierer mykje avhengig av deltakarakarane behov og er avhengig av kommunestørrelse.

Eksempla i tabell 6.2 illustrerer dekningsgraden til norsktilskotet med fire ulike gruppestorleiker. Dei andre variablane er halde konstante.

Tilskot per deltakar med høg sats var til saman 151 800 kroner fordelt over tre år. Det er lagt til grunn at kvar deltakar i snitt fekk 1 298 opplæringstimar i laupet av dei 3 åra kommunen mottok norsktilskot, basert på tal frå NIR frå 2020.

Gjennomsnittleg utgift per undervisningstime var 1 895 kroner for drift med lokalar. Det er ein nedgang i timepris på 4,29 prosent samanlikna med året før.

For at norsktilskotet skal dekke dei kommunale utgiftene, må gruppestorleiken være på 17 personar i 2021. Dette er langt frå realiteten i mange av dei kartlagde kommunane.

**Tabell 6.2 Norsktilskotets dekningsgrad for 2021. Kostnader per deltakar som har avslutta program etter ulik gruppestørrelse.**

Timespris m/lokala	Gruppestorleik	Tal timar pr deltakar	Kostnad pr deltakar	Tilskot per deltakar høg sats	Avvik
1 895	8	1 298	307 464	151 800	-155 664
1 895	13	1 298	189 208	151 800	-37 408
1895	17	1 298	144 689	151 800	7 111
1895	18	1 298	136 651	151 800	15 149

Kilde: Berekningsutvalet

Faktorar som påverkar utgiftsbilete er mellom anna at lærarar med høg ansiennitet og utdanning har høgare lærarlønningar, og at lærarar med seniortillegg har lågare undervisningsplikt. Lærarlønningane utgjorde om lag 57 prosent av driftsutgiftene i kartleggingsåret, om lag 19 prosent gjekk til lokalutgifter, og 20 prosent gjekk til administrasjon. Sjå vedlegg 5 for oversikt over utgifter per undervisningstime for utvalskommunane. Det er mogleg at ulik organisering av tilbodet også kan ha noko å seie for utgiftsbiletet, men dette er ikkje dokumentert.


Gjennomsnittleg gruppestorleik for utvalskommunane er 13 personar, men to kommunar manglar tal. Gruppestorleiken i utvalskommunane varierer frå 8 til 18 personar.

For at kommunane skulle fått dekkja kostnadane sine fullt ut ville det vore naudsynt med ei gruppestorleik på 17 personar. 10 av dei 20 kommunane hadde høg nok gruppestorleik til å dekkje kostnadane sine til norskopplæring.

Gjennomsnittet inkluderer alle deltakarar i opplæringa, også deltakarar frå asylmottak, arbeidsinnvandrar og personar som utløyser høg og låg sats. Kommunane sett vanlegvis saman gruppene basert på ferdigheitsnivå, ikkje kva finansieringsordning deltakarane høyrer til, og kommunane må ofte ha opplæring for grupper med færre deltakarar gjennom året.

Den nye integreringslova som trådde i kraft 01.01.2021 legg større vekt på individuell tilpassing og tilrettelegging etter deltakarane sine behov.

**Figur 9. Prosentvis fordeling av utgifter til norskopplæring og samfunnskunnskap på ulike områder. Prosent.**



Kjelde: Berekningsutvalet.

# 7 Dekningsgrad over tid

Den årlege kartlegginga inngår i ein lang tidsserie kor dei same kartleggings- og berekningsmetodane har vore nytta kvart år. Difor kan ein være rimeleg trygg på at kartlegginga vil fange opp utviklinga over tid, trass i at det vil være feilkjelder.

Det er fleire utfordringar med å samanlikne kommunane sine utgifter over tid. Det gjeld både totaltalet og tala for dei ulike utgiftsområda. Nokre av utfordringane er utskifting av utvalskommunane, ulik samansetning av målgruppa, ulikt busettingsvolum, endringar i kartleggingsskjemaet og endringar i tilskotsordningane.

## Integreringstilskot

Dekningsgraden for integreringstilskotet var 97,3 prosent i 2021, og gjennomsnittleg kostnad per person over fem år var 809 204. Samanlikna med 2020 har utgiftene gått opp med 2,8 prosent, og dekningsgraden av tilskotet er 8,6 prosentpoeng lågare enn året før. Tabell 7.1 viser dekningsgraden for tilskotet dei siste fem åra.

**Tabell 7.1 Dekningsgrad i perioden 2017-2021 for integreringstilskot.**


Dekningsgrad	2021	2020	2019	2018	2017
Integreringstilskot	97,3	105,9 %	101,7%	99,6%	94,9%

Kjelde: Berekningsutvalet.

I perioden 2017-2021 har dekningsgraden variert frå 94,9 til 105,9 prosent. I 2019 var dekningsgraden for første gang i historia over 100 prosent, og i 2020 rekordhøge 105,9 prosent. Etter kvart som dei store busettingskulla frå 2015 til 2017 går ut av målgruppa, ser ein at dekningsgraden no er på veg nedover igjen til eit meir normalt nivå.

Figur 10 viser berekna utgifter til integreringstiltak og administrasjon, sosialhjelp, introduksjonsstønad og helse for femårskulla i perioden 2010 til 2021. Den raude linja viser utbetalt tilskot for femårsperioden som eit vektet gjennomsnitt av ulike satsar til einslege vaksne, barn og einslege mindreårige. Den blå linja viser gjennomsnittlege utgifter per person i same periode.

**Figur 10. Samla utgifter for femårsperioden per person samanlikna med gjennomsnitt av satsar for integreringstilskot i perioden 2010 – 2021.**



Kjelde: Berekningsutvalet og IMDi.

Åra før 2017 kan ikkje direkte samanliknast med åra etter på grunn av endringar i det særskilte tilskotet for busetting av einslege mindreårige. Den store mellombels auken i talet på einslege mindreårige i 2015-2017 medførte ei endring på inntektssida som slo ut i form av ei betre dekningsgrad av utgiftene for dei kommunane som fekk særskilt tilskot for mange einslege mindreårige i målgruppa fram til 2020.

Tabell 7.2 viser utviklinga frå 2017 til 2021 på dei ulike delområda i kartlegginga. Det har i laupet av dei fem åra berre vore ein oppgang i samla utgifter på 2 prosent. Og i åra 2018,2019 og 2020 var gjennomsnittsutgiftene per person i målgruppa lågare enn både i 2017 og 2021.

**Tabell 7.2 Utgifter i perioden 2017-2021 (år)**

	Endring 2017–2021			
	2021	2017	Kroner	Prosent
Integreringstiltak og administrasjon	445 429	429 800	15 629	3,6%
Sosialhjelp	91 957	95 200	- 3 243	-3%
Introduksjonsstønad	235 219	235 500	- 281	-0,1%
Helseutgifter	36 599	32 700	3 899	12%
<b>Totalt</b>	<b>809 204</b>	<b>793 200</b>	<b>16 004</b>	<b>2%</b>

Kjelde: Berekningsutvalet

Det er fleire grunnar til at utgiftene og dekningsgraden endrar seg over tid.


Kommunane sine utgifter avheng mellom anna av kven flyktingane er, kva som er behova deira, kor mange personar som er i målgruppa og samansetninga av denne, og ikkje minst korleis dei fordeler seg på årskulla i integreringslaupet, og kordan det gjeng med integreringa deira. Utgiftene avheng og av kommunane sine tiltak og resultat, korleis kommunane greier å tilpasse tenestekapasitet til eit vekslende volum, og ikkje minst av rammefaktorar som arbeidsmarknad, lovverk, og størrelsen på tilskota til kommunane.

Noko av forklaringa på at kommunane sine gjennomsnittlege utgifter til personar i målgruppa no aukar igjen, og at dekningsgraden går ned i 2021, er at prosentandelen av flyktningane som er i år 4 og 5 i tilskotsperioden no er på veg nedover, etter å ha vore rekordhøg dei to siste åra. År 4 og 5 er dei to årskulla med lågast utgifter, medan dei dyraste oftast er busettings- og introduksjonskulla i år 1, 2 og 3.

Samstundes har samansetninga av målgruppa endra seg. Frå 2018 har det kome til fleire overføringsflyktningar som treng meir heilskapleg oppfølging som fører til auka utgifter, i følgje tilbakemeldingane frå kommunane. Endringa i samansetninga av utvalskommunar har og ein viss innverknad på auken i dei gjennomsnittlege utgiftene.

Det store spørsmålet no framover er kordan utgiftsbilete, og dekningsgraden, vil endre seg i 2022. Då blir det ei uvanleg markant endring både i samansetninga av målgruppa og i fordelinga på årskulla, når det store 2017-kullet går ut av kartlegginga og det enda større 2022-kullet kjem inn.

**Figur 11. Fordelinga mellom femårskulla i kartleggingsåra 2014-2021. Landstall.**




Kjelde: Berekningsutvalet, IMDi og SSB.

Det har vore store svvingingar i talet på flyktningar og i målgruppa si samansetning. Korleis kommunane har handtert endringane har stor tyding for kommunane sine utgifter. I perioden 2015-2017 var det svært høge busettingar, og deretter har talet på busette gått kraftig ned. Kartlegginga viser at dei fleste av kommunane i stor grad har tilpassa kapasiteten, ressursbruken og utgiftene til svvingane i målgruppa for integreringstilskot.

Eit hovudfunn i årets kartlegging, som tidlegare år, er at det er stor skilnad i utgiftsnivået mellom kommunane. Kommunen med lågast utgifter i hovudundersøkinga brukte 49 313 kroner per person, medan den dyraste kommunen brukte 125 207 kroner per person. Sjå alle kommunane sine utgifter i vedlegg 6 og 7. Sidan kartleggingsmetoden er ein rullerande panelundersøking, vil endringar i utvalskommunar i seg sjølv føre til endringar i det samla kostnadsbilete.

Erfaringa frå tidlegare år at dei gjennomsnittlege utgiftene er høgare for einslege vaksne og einslege mindreårige enn for familiar og barn. I målgruppa er stadig fleire ein del av ein familie, og delen som er einsleg vaksne har gått ned. I 2015 var 49 prosent av dei førstegangsbusette ein del av ein familie, medan 6 prosent var einsleg vaksne. I 2021 var 86 prosent ein del av ein familie, medan 12 prosent var einsleg vaksne.

**Figur 12. Del familiar, einslege vaksne og einslege mindreårige blant dei førstegangsbusette i åra 2013 - 2021**



Kjelde: Berekningsutvalet og IMDi.

Tabell 1 på side 5 viser den prosentvise fordelinga mellom dei ulike utgiftsområdene som vart kartlagd i 2021 samanlikna med året før. I kommunanes gjennomsnittlege nettoutgifter inngår sosialhjelp, introduksjonsstønad, og integreringstiltak til flyktningar samt administrasjon av disse. Den største delen av totale nettoutgifter er knytt til kommunanes integreringstiltak og administrasjon av disse, og utgjer 445 400 kroner per person. Og det er integreringstiltaka og administrasjon av desse (hovudundersøkinga) som står for den største auken frå 2020 til 2021 med 12,5 prosent.

Dei tenesteområda i hovudundersøkinga kor utgiftene aukar mest frå 2020 til 2021 er introduksjonsprogram, ekstratiltak i grunnskule, bustad og grunnskuleopplæring for vaksne. Derimot er barnevern det tenesteområdet kor utgiftene går mest ned.

Det er eit samspel av ulike årsaker som gjer at utgiftene endrar seg på dei forskjellige tenesteområda. Det har dels samanheng med generelle endringar i behova til brukarane av tenestene. Men det har dels også samanheng med endra utgiftsbilete i enkeltkommunar.

At utgiftene til barnevern går monaleg ned skuldast at talet på einslege mindreårige stuper, og at kommunane har langt færre einslege mindreårige i barnevernstiltak enn tidlegare. Samstundes ser ein at enkeltkommunar framleis kan ha store utgifter til eit fåtal einslege mindreårige i bustadtiltak, dels fordi kapasiteten ikkje er bygd raskt ned til eit mykje lågare tal i målgruppa.

Auken i utgiftene til ekstratiltak i grunnskulen skuldast hovudsakeleg at dei nye utvalskommunane har fleire tiltak til målgruppa enn dei kommunane som har gått ut av undersøkinga. Det kan og ha samanheng med at behova til barn i grunnskulealder er større enn tidlegare, mellom anna fordi fleire har bakgrunn som overføringsflyktningar med dårleg skuletilbod før dei kom til Norge. Nokre kommunar har og peikt på at dei ikkje lenger får like mykje særskilt tilskot for personar med nedsett funksjonsevne frå IMDi til å dekkje behovet deira for skulepedagogiske ekstratiltak.

Auken i gjennomsnittlege utgifter til grunnskuleopplæring for vaksne kan forklarast med auka behov hos busette overføringsflyktningar som manglar grunnleggande utdanning.


Auken i utgifter til introduksjonsprogram har mellom anna samanheng med at fleire flyktningar har fått forlenga program også i 2021 på grunn av koronasituasjonen i 2020 og 2021. Rapporteringa frå kommunane tyder på at det ekstra tilskotet til forlenga program i det store og heile dekker dei ekstra utgiftene. Nye utvalskommunar trekker gjennomsnittet på utgiftsområdet noko opp. Nytt lovverk og kostnader til obligatoriske kurs kan og spele inn. Bokføringa av utgifter til introduksjonsprogram og sosiale tenester må sjåast i samanheng.

## Norsktilskotet

Dekningsgraden for norsktilskotet er for 2021 berekna til 68,4 prosent som er ein nedgang på 0,3 prosent samanlikna med året før. Kommunane sine gjennomsnittlege utgifter til opplæring i norsk og samfunnskunnskap har endra seg over tid. Samstundes er det store skilnader i utgifter mellom kommunane.

Figur 9 viser utviklinga i den gjennomsnittlege timeprisen per undervisningstime frå 2010 til 2021. I perioden 2013 til 2017 var timeprisen ganske stabil, men det har vore ein større auke sidan 2018. Frå 2017 til 2020 auka timeprisen med 24,5 prosent. Frå 2019 til 2020 auka timeprisen med på 5,3 prosent, mens den frå 2020 til 2021 gjekk ned igjen med 4,3 prosent. Noko av variasjonen i timepris frå år til år kan skuldast endra samansetning av utvalskommunar. Men trenden er at timeprisen har gått tydeleg opp. Auken i timeprisen er ikkje einstyddande med auke i utgift per person. I denne tidsbolken har stordriftsfordelar med mange deltakarar, auka gruppestørrelse og effektiviseringstiltak medverka til at kostnader per deltakar ikkje har hatt same utgiftsutvikling som kostnad per undervisningstime.

**Figur 13. Utgifter per undervisningstime i åra 2010 til 2021.**



Kjelde: Berekningsutvalet.

Tabell 7.6 viser ei oversikt over timepris, kostnader, inntekter og tal undervisningstimar dei siste fem åra. Det er ein reduksjon i talet på undervisningstimar frå 2017 til 2020, som har samanheng med nedgangen i talet på persona i målgruppa, og særleg nedgang i busetting av flyktningar. Auken i talet på undervisningstimar i 2021 skuldast endringa i samansetning av utvalskommunar.



**Tabell 7.6 Timepris, kostnader, inntekter og tal undervisningstimar i perioden 2017 til 2021.**

	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
Pris per undervisningstime (kroner)	1 590	1 730	1 880	1 980	1 895
Total kostnad (i 1000 kroner)	911 434	910 554	763 498	512 163	628 664
Totale inntekter (i 1000 kroner)	834 307	739 261	549 006	351 949	430 006
Tal undervisningstimar	573 224	526 529	406 889	258 639	331 834

Kjelde: Berekningsutvalet og IMDi.

I perioden ser ein at totale kostnader og inntekter stort sett følgjer same tendensen som talet på undervisningstimar. Men det har og vore eit etterslep av utgifter i form av nedbyggingskostnader når talet i målgruppa har gått monaleg ned på kort tid. I tillegg vil det være nokre smådriftsulemper med høge faste kostnader uansett aktivitetsnivå.

# 8 Tilskot

## Integreringstilskot

Integreringstilskotet skal dekkje kommunane sine utgifter til integreringstiltak og administrasjon, sosialhjelp og introduksjonsstønad for flyktingar og personar med opphald på humanitært grunnlag. Berekningsutvalet kartlegg femårsperioden personane utløyser tilskot.

Integreringstiltak er tenester som råd, rettleiing og sosial førebyggjande tiltak, introduksjonsprogram, barn- og ungdomsvern, flyktningskontor, tolk, støttekontakt, bustad og bustadsadministrasjon, grunnskuleopplæring for vaksne, sysselsettingstiltak, yrkeskvalifisering, ekstratiltak i grunnskulen, kultur og ungdomstiltak, barnehage og utgifter til sosiale helsetenester. Tabell 8.1 viser satsane for integreringstilskotet for år 1-5.

**Tabell 8.1 Integreringstilskot etter tal år busett i Norge**

	<b>Totalt</b>	<b>1 år</b>	<b>2 år</b>	<b>3 år</b>	<b>4 år</b>	<b>5 år</b>
2017	786 500 (einslege vaksne)	235 000 (einslege vaksne)	230 000	167 000	84 000	70 500
	736 500 (andre)	185 000 (andre)				
2018	804 100 (einslege vaksne)	237 000 (einslege vaksne)	239 000	171 000	85 500	71 600
	754 100 (andre)	187 000 (andre)				
2019	808 100 (einslege vaksne)	237 000 (einslege vaksne)	242 000	172 000	85 500	71 600
	758 100 (einsleg mindreårige)	187 (einsleg mindreårige)				
	761 100 (andre)	190 500 (andre)				
2020	819 000 (einslege vaksne)	241 000 (einslege vaksne)	246 000	174 000	86 000	72 000
	765 000 (einsleg mindreårige)	187 000 (einsleg mindreårige)				
	772 300 (andre)	194 300 (andre)				
2021	827 300 (einslege vaksne)	241 000 (einslege vaksne)	249 000	177 300	88 000	72 000
	773 300 (einsleg mindreårige)	187 000 (einsleg mindreårige)				
	780 600 (andre)	194 300 (andre)				

Kjelde: IMDi.

For personar som ikkje på familieinnvandring til personar som har fått opphald på humanitært grunnlag, får kommunen tre år med integreringstilskot. Barn som vert fødd innan seks månader etter at mor vart busett i ei kommune er også i målgruppa for integreringstilskot.

For personar over 60 og barn i alderen 0-5 år utbetaler ein i tillegg eldretilskot og barnehagetilskot i busettingsåret. Satsen for eldretilskot var 176 000 kroner per person i 2021. Satsen for barnehagetilskot var 27 100 kroner per barn.

**Tabell 8.2 Ekstratilskot i tillegg til integreringstilskotet i 2021.**

	<b>Utbetalinger</b>	<b>Sats 2021</b>
Tilskot 1 for personar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar	Eingongstilskot	196 400
Tilskot 2 for personar med alvorleg nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar	Årleg maksbeløp, maksimalt 5 år	1 430 000
Eldretilskot per person over 60 år	Eingongstilskot	176 000
Barnehagetilskot per barn i alderen 0-5 år	Eingongstilskot	27 100
Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige, 0-16 år	Årleg	1 118 000
Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige, 17-20 år	Årleg	705 000

Kjelde: IMDi.

## Særskilt tilskot for einslege mindreårige

Målgruppa for særskilt tilskot er alle barn og unge under 18 år som kjem til landet utan foreldre eller andre vaksne med foreldreansvar. Kommunane mottok særskilt tilskot sjølv om personane har fylt 18 år ved busetting, gitt at vedkomande var registrert som einsleg mindreårig ved innkost til landet og at vedkomande var under 18 år på vedtakstidspunktet. Tilskotet vert utbetalt frå og med den månaden vedkomande vert busett i ei kommune, og til og med det året den einslege mindreårige fyller 20 år. I busettingsåret differensierast det særskilte tilskotet etter busettingstidspunkt. Undersøkinga omfattar personar som har utløyst både integreringstilskot og særskilt tilskot i kartleggingsåret.

I 2017 vart refusjonsordninga for kommunale barnevernsutgifter for einslege mindreårige avvikla. Midlane vart overført til IMDi sitt særskilte tilskot, og satsane vart kraftig oppjustert. Tilskotet har to satsar. For einslege mindreårige i alderen 0-16 år mottok kommunane ein høg sats som i kartleggingsåret var 1 118 000 kroner per person. For einslege mindreårige i alderen 17-20 år mottok kommunane ein låg sats på 705 000 kroner i kartleggingsåret.

## Norsktilskot

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar er eit persontilskot fordelt over tre år. Lav sats gjeld personar frå Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand. Personar frå nordiske land utløyser ikkje tilskot. Personar som utløyser høg sats er personar som kjem frå Afrika, Asia, Oseania (unntatt Australia og New Zealand), Aust-Europa, Sør-Amerika og Mellom-Amerika.

I 2021 var norsktilskotet gitt som eit innbyggjartilskot per person som kom inn i målgruppa for norsktilskotet før 2018. For personar som kom inn i målgruppa frå 2018, må kommunane registrere vedtak om opplæring eller framsette krav/søknad om deltaking i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) for at tilskotet skal utbetalast. I tillegg til persontilskot vert det utbetalt eit grunntilskot til kommunar som per. 15. januar 2021 hadde mellom 1 og 150 innbyggjarar i personkretsen for rett og plikt, eller berre rett, til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Formålet med tilskotet er å betre økonomiske rammevilkår for små og mellomstore kommunar når det gjeld norskopplæring. Tilskotet vert utbetalt i to satsar. Låg sats var 58 100 kroner for kommunar med 1-3 personar i målgruppa. Høg sats var 151 800 kroner for kommunar med 4-150 personar i målgruppa.

**Tabell 8.3. Satsar for tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar i 2021 og 2020.**

<b>År</b>	<b>Satsar frå og med 2021</b>		<b>Satsar frå og med 2020</b>	
	<b>Lav sats</b>	<b>Høy sats</b>	<b>Lav sats</b>	<b>Høy sats</b>
År 1	14 800	34 800	14 300	33 500
År 2	26 700	69 100	25 800	66 600
År 3	16 600	47 900	16 100	46 500
<b>Sum</b>	<b>58 100</b>	<b>151 800</b>	<b>56 200</b>	<b>146 600</b>

Kjelde: IMDi.

# 9 Kartleggingsmetode

Berekningsutvalet kartlegg utgifter som er relevante for to statlege tilskot: integreringstilskotet og tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrar (norsktilskot). Integreringstilskotet skal dekkje kommunane sine utgifter til integreringstiltak og administrasjon, sosialhjelp og introduksjonsstønad i fem år frå busettingsåret. Kommunane sine gjennomsnittlege utgifter til integreringstilskot og administrasjon kartleggast over eit år. For å kunne samanlikne utgiftene med samla tilskot over heile femårsperioden vert utgiftene multiplisert med fem år.

Kartlegginga av integreringstiltak og administrasjon vert kartlagt ved hjelp av spørjeskjema til om lag 20 utvalskommunar. Utgifter til sosialhjelp og introduksjonsstønad vert innhenta ved hjelp av KOSTRA-tal og A-ordninga, og er tilarbeida av Statistisk Sentralbyrå (SSB).

Utgiftene til opplæringskjema vert kartlagt i eit eige skjema i dei same utvalskommunane. Kartlegginga dannar grunnlag for å finne utgifter per undervisningstime, og berekningar av forholdet mellom satsar og utgifter per person. I rapporten presenterast nominelle beløp med mindre ein opplyser om noko anna.

Kapittelet skildrar datagrunnlaget og utvalet si kartleggingsmetode, samt vurdering av datakvalitet.

## Introduksjonsstønad og sosialhjelp

Introduksjonslova gir deltakarar i målgruppa for integreringslova i alderen 18-55 år som er busett i ei kommune etter avtale, har rett og plikt til fulltidsdeltaking i eit introduksjonsprogram. Kommunane kan tilby program til personar over 55 år, men det er ikkje ein rett. For personar som er busett før 01.01.2021 gjeld introduksjonsloven, og programtid varer som hovudregel i inntil to år. For personar som er busett etter 01.01.2021 skal introduksjonsprogrammet vare mellom tre månadar og to år. Det er mogleg med ei forlenging med inntil eit år dersom det er grunn til å forvente at det vil medføre at deltakaren oppnår sluttmålet sitt.

Sosialhjelp er ei midlertidig støtte som skal betale nødvendige utgifter til å leve og bo. Personar som har rett til sosialhjelp, må i utgangspunktet ha lovlig opphold i Norge.

## Bruk av KOSTRA og SSB sine kontrollar av data

Kvart år hentar SSB inn oppgåver frå alle kommunar om personar som har motteke sosialhjelp og introduksjonsstønad. For å skilje ut Berekningsutvalet si målgruppe er SSB si befolkningsfil kopla mot filar frå Utlendingsbasen (UDB) og IMDi sin interne database (IMDinett). Fila er korrigert for nettoflytting i løpet av året. Sosialhjelp og introduksjonsstønad som er rapportert inn frå kommunane, koplast mot befolkningsfilane for å finne ut kven som er i målgruppa. Deretter vert dei knytt til utbetalinga av sosialhjelp og introduksjonsstønad. Resultatet av koplinga viser samla stønadsutbetaling og tal personar i målgruppa fordelt på kommune og busettingsår.

Tal på utbetalt sosialhjelp og introduksjonsstønad vert publisert i KOSTRA to gongar i året. Urevidert vert publisert rundt 15. mars, og endeleg vert publisert rundt 15. juli. Mellom publiseringane korrigerast feil i datagrunnlaget ved blant anna innhenting av oppdaterte opplysningar frå kommunane. For eksempel er det nokon av kommunane som ikkje leverer tal innan fristen for den første publiseringa, og noko kommunar leverer feil tal. For å eliminere eventuelle feil er alle innsendte opplysningar frå kommunane kontrollert for denne typen feil som let seg etterspore i SSB sine egne kontrollar.

## Vurdering av datakvalitet

Den viktigaste feilkjelda som kan ha tyding for resultatet er at sosialhjelpsstatistikken registrerast som regel på hovudforsørgjaren i familien. Vanlegvis er det ein person i hushaldet som søker sosialhjelp for heile familien, og ein vil ikkje kunne fange opp utbetalingar der hovudforsørgjaren er utanfor målgruppa.

For SSB er det ikkje mogleg å avdekke i kva grad personar får støtte utan at det er innrapportert på SSB sine registreringsskjema. Tala for utbetalt sosialhjelp og introduksjonsstønad er basert på data frå alle kommunane i landet som har rapportert data til KOSTRA. Vesentlege feil som vert avdekka i datamateriale vert ikkje tatt med.

Berekningsutvalet vurderer datakvaliteten på uttrekket for utbetalt sosialhjelp og introduksjonsstønad som god.

## **Integreringstiltak og administrasjon av desse**

Berekningsutvalet kartlegg kommunane sine utgifter til integreringstiltak og administrasjon gjennom ei spørjeundersøking som vert utfylt av utvalskommunane. Kommunane får systematisk rettleiing til utfylling og innrapportering. Årsaka til at ein nyttar spørjeskjema er at opplysningane ikkje er mogleg å hente ut opplysningane direkte frå alle-reie eksisterande kommune-stat-rapportering. Spørjeskjema er utarbeida av Berekningsutvalet.

I kvar kommune vert det oppnemnd ein kontaktperson som har ansvar for å koordinere arbeidet med innhenting av opplysningar frå dei ulike tenesteområda. Kvar år vert utvalskommunane invitert til eit oppstartsseminar i desember eller januar. På seminaret vert deltakarane orientert om bakgrunn for utvalsarbeidet og opplegget for gjennomføring av datainnsamlinga.

Berekningsutvalet besøker utvalskommunane i februar og mars for å hjelpe til med datainnsamlinga frå dei ulike kommunale tenesteområda/kontora. Foreløpige skjema vert sendt til Berekningsutvalet som går gjennom skjemaet både før og etter kommunebesøket. Berekningsutvalet stiller spørsmål og ber om tilleggsinformasjon om det er noko som er uklart for å redusere usikkerheit i resultatane.

## **Utgiftsområda som vert kartlagt**

I spørjeskjemaet vert kommunane bedne om å oppgje faktiske rekneskapstal eller anslå kor stor del av den samla kapasiteten innanfor dei ulike tenesteområda som i kartleggingsåret var brukt på målgruppa. Om kommunen ikkje kjenner til faktiske rekneskapstal nyttar ein to ulike framgangsmåtar:

- 1) vurdere kor mange årsverk ved dei aktuelle kontora var nytta til handtering av målgruppa, og deretter berekne kor stor del dette utgjør av totalt tal årsverk. Metoden har vore aktuell for små kommunar og/eller kommunar med oversiktleg organisering av tenestene til målgruppa.
- 2) Eller nytte kommunane sine opplysningar om målgruppa sin del av alle klientar/brukarar for å berekne kapasitetsandelen. Først finn kommunane opplysningar om kor mange klientar/brukarar det er totalt, og deretter kor mange av desse er i målgruppa. Kommunen veker målgruppa sin del ut frå kor mykje tid som i gjennomsnitt vert brukt per klient/brukar i målgruppa sett i forhold til gjennomsnittet for dei andre klientane/brukarane. Berekningsutvalet er kritisk til å vekte meir enn 1,75.

Tenestene som inngår i spørjeundersøkinga er:

### *Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid*

I kommunar som har særskilt organisering av flyktingtenester, for eksempel flyktingkontor, flyktingkonsulent eller liknande, er det enklare å skilje ut kostnadane til administrasjon og tiltak innanfor sosialtenestene. Tenestene vert ført på KOSTRA-funksjon 242. I kommunar som ikkje har særskilt organisering, må ein funne fram til målgruppa sin del av tenestekapasiteten på dei ulike områda.

Ein nyttar data frå SSB for å finne tal sosialhjelpsmottakarar i utvalskommunane. Dei største kommunane tel mest, og det er der det er vanskelegaste å ha oversikt over tal sosialklientar som høyrer til målgruppa. I tillegg gir ikkje alle fagsystem like gode moglegheiter for kopling mellom utgiftsdata og persondata slik SSB har moglegheit til å gjere. Kvaliteten på berekninga vert heva for dei kommunane som nyttar seg av delberekningar basert på tal mottakarar i målgruppa.

Data frå SSB vert ikkje tilgjengeleg før KOSTRA-publiseringa i midten av mars, som er etter kommunane sin innsendingsfristen av skjema. Berekningsutvalet gjer endringar i kommuneskjemaet etter KOSTRA-publiseringa. Er det store avvik vert dette gjort i samråd med kommunane.

#### *Introduksjonsprogram*

Utgiftene som er direkte knytt til å leggje til rette for gjennomføringa av introduksjonsordninga, er knytt til eit særskilt teneste for målgruppa og er ført på eigen KOSTRA-funksjon 275.

#### *Grunnskuleopplæring for vaksne*

Det er fleire flykningar som manglar grunnskuleopplæring eller har for svake grunnleggjande ferdigheiter til å kunne klare seg i utdanningssystemet eller i arbeidslivet. Det er ingen særskilt teneste for målgruppa, og kommunane må finne målgruppas del av tenestekapasiteten.

#### *Kvalifiseringsprogram (KVP) og utbetalt kvalifiseringsstønad*

SSB leverer data over kommunane sine utbetalingar av kvalifiseringsstønad til målgruppa. Tidlegare var det eit øyremerka tilskot til Kvalifiseringsprogrammet, men frå 2011 vart finansieringa ein del av rammetilskotet til kommunane. Berekningsutvalet trekk frå statleg finansiering per deltakar som er lagt inn i rammetilskotet og som er prisjustert.

#### *Syssettingstiltak, yrkeskvalifisering og arbeidstrening*

Det er enkelt å identifisere utgifter til særskilte tiltak for målgruppa, men generelle tiltak er vanskelegare å berekne. Det lite utgifter til syssettingstiltak, yrkeskvalifisering og arbeidstrening fordi utgiftene i hovudsak vert rapportert gjennom introduksjonsordninga, kvalifiseringsprogrammet og grunnskuleopplæring for vaksne.

#### *Bustad og bustadsadministrasjon*

Utgifter til bustad vert kartlegg ved å telje tal bustadar til målgruppa og eit anslag av marknadsverdien. I tillegg kjem målgruppa sin del av utgifter til administrative oppgåver. I nokon høve er det vanskeleg å finne ut kor mange bustadar som reelt er disponert til målgruppa.

Det inngår ei kalkulatorisk rente på investert kapital i berekninga av nettoutgiftene til utleige av kommunale bustadar. I kartleggingsåret er rentesatsen XX. Årleg vert kalkylerenta oppdatert basert på gjennomsnittleg 5-årig swaprente som er berekna av Kommunalbanken. I tillegg kjem eit risikotillegg på 1 prosent for flykningbustadar.

#### *Støttekontakt, aktivisering og pleie og omsorg i heimen*

Dette er individbaserte tiltak til personar i målgruppa minus del av statleg tilskot til ressurskrevjande brukarar. Hel-seutgifter vert også haldt utanfor.

#### *Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige*

Kommunar som busett einslege mindreårige får i tillegg til integreringstilskotet eit særskilt tilskot. Det vert kartlagt kor mange einslege mindreårige som utløyser særskilt tilskot og kor mykje tilskot kommunen har mottatt. Beløpet vert trekt frå dei totale utgiftene som er oppgitt i skjemaet.

#### *Barne- og ungdomsvern*

Fleire av kommunane har oversikt over utgiftene til barn i målgruppa med tiltak i barnevernet. Det er større usikkerheit rundt berekninga av målgruppa sin del av utgiftene innanfor administrasjon av barnevernstenestene. Utgiftene rapporterast på KOSTRA-funksjon 244.

### *Ekstratiltak i grunnskulen*

Kommunane rapporterer målgruppa sin del av kostnadane til alle ekstratiltak til målgruppa. Berekningsutvalet trekk frå prisjustert statleg finansiering per grunnskuleelev som er lagt inn i rammetilskotet.

### *Kultur- og ungdomstiltak*

Sidan 2019 vert utgiftene til kultur- og ungdomstiltak per person i målgruppa berekna ut frå data frå tidlegare år, og deretter prisjustert. Utvalet vil kvart femte år gjere stikkprøver blant utvalskommunane for å justere satsen.

### *Barnehage*

Her vert målgruppa sin del av nettoutgifter til rettleiing og ekstrahjelp i barnehagen kartlagt. I tillegg bereknar Berekningsutvalet ein nettokostnad for drifts-, lokal- og skyssutgifter. Berekningsutvalet trekk frå barnehagetilskotet som vert utbetalt saman med integreringstilskotet for barn som er 0-5 i busettingsåret.

### *Felleskostnadar*

Det er ofte ulike utgangspunkt for berekninga av målgruppa sin del av nettoutgifter av felleskostnadane. Det kan vere målgruppa sin del av befolkninga, eller flyktningkontoret sin del av tal tilsette. Korleis kommunane er organisert, praksisen kommunane har for kostnadsfordeling påverkar kva kommunane førar på dette punktet.

## **Bereking av gjennomsnittsutgifter per person**

For å berekninga gjennomsnittsutgiftene per person i målgruppa er utgiftene summer for alle utvalskommunane og dividert på tal personar i målgruppa som er busett i utvalskommunane. Kommunar med mange personar i målgruppa har større tyding for resultatet enn kommunar med få i målgruppa. Beløpet vert multiplisert med fem år for å få utgifter over femårsperioden der flyktningane utløyser integreringstilskot.

For å forenkle er alle årskulla vekta like mykje. Om årskull 2 har ein høgare del i målgruppa, og årskull 2 er dyrare enn dei andre årskulla i gjennomsnitt, vil det bety at dei berekna utgiftene gjennom heile perioden vert overvurdert. Motsett vil dei berekna utgiftene vert undervurdert dersom for eksempel årskull 5 med lågare utgifter per person har ein høgare del i målgruppa. I hovudundersøkinga har ein ikkje talgrunnlag til å skilje utgiftene mellom årskulla sidan utgiftene er knytt til tenestene og ikkje til flyktningane personleg. Over tid vil dette jamnast ut, men enkelte år kan dekningsgrada verte påverka.

Berekningsutvalet kartlegg netto driftsutgifter. Starttilskot, bortsett frå integreringstilskotet, refusjonar, sals- og leigeinntekter og andre inntekter vert trekt frå brutto driftsutgifter på dei enkelte områda som inngår i undersøkinga. Ein korrigerer blant anna for dei øyremarka/personretta tilskota. Dømer er særskilte refusjonar innan barnevern, tilskot til einslege mindreårige, tilskot til personar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar, barnehagetilskot og eldretilskot frå IMDi.

## **Vurdering av datakvalitet og kvalitetssikring**

Kvalitetssikringa på dei ulike innrapporterte tala skjer ved at ein kvart år har eit oppstartsseminar der ein går gjennom skjemaet og ulike problemstillingar. Berekningsutvalet gjennomfører kommunebesøk i alle utvalskommunane, og har ein grundig gjennomgang av kvart enkelt skjema med oppfølgingsspørsmål til kommunane.

Berekningsutvalet peikar på følgjande moment som har tyding for vurdering av materialet:

Utgifter til busettings- og integreringsarbeid for personar i målgruppa er på dei fleste områder ikkje utskilt på eigne funksjonar og artar i kommunerekneskapen. Tilsvarande er ressursinnsatsen eller bruk av tid på målgruppa i liten grad registrert/rekneskapsført i kommunane. Nokon kommunar har likevel oversikt over faktisk ressursbruk, medan andre kommunar på nokon områder brukar skjønn for å avgjer kva utgifter som skal tilleggja arbeidet med personar i målgruppa. Kommunane legg ulike føresetnadar til grunn for vurderinga dei gjer. Som resultat kan kommunane både ha overvurdert og undervurdert utgiftene til målgruppa.



I enkelte av kommunane er det knytt usikkerheit til tal personar som inngår i målgruppa. Målgruppa er avgrensa til flyktningar og personar med opphald på humanitært grunnlag som er busett i Norge i opptil fem år. Kommunane må skilje ut målgruppa frå dei andre innvandarane, og deretter finne ut kven som er busett kortare enn fem år. Kommunale etatar har skjeldan informasjon om brukarane sin opphaldsstatus og busettingsår. I større verksemdar kan det vere vanskeleg å skilje personar i målgruppa frå andre brukarar.

Personar i målgruppa kan ha flytta til eller frå utvalskommunane i løpet av året. Av den grunn er det ikkje alltid samsvar mellom tal personar per 31.12 og tal personar i løpet av året som er omfatta av tenesteproduksjonen som vert kartlagt. I berekninga av gjennomsnittsutgifter per person er tal busett i målgruppa per 31.12. korrigert for nettoflytting mellom kommunane i løpet av året. Føresetnaden er at gjennomsnittleg butid i utvalskommunane var seks månadar før flytting.

Tal personar som kommunen rapporterer til Berekningsutvalet har tidlegare vorte kontrollert mot tal som er henta frå Datasystem for utlendings- og flyktningssaker (DUF). Etter 2021 nyttar IMDi liste over personar som er henta frå IMDi sitt nye saksbehandlingssystem for tilskot. Om det er store avvik mellom kommunen sine tal og IMDi sine tal, har utvalet kontakta kommunen. Det vert gjort to uttrekk av målgruppa i året. Eit uttrekk i januar/februar, og eit uttrekk i april/mai.

Når det gjeld utgiftene til målgruppa kan det vere nokon avvik. Årsaka er at kommunen kan gi både for låge og for høge utgifter på enkelte av områda. Det er rimeleg å anta at utgiftsnivået er ulikt for dei forskjellige årskulla. Der- som det er riktig, vil resultatet av undersøkinga vere påverka av fordelinga av tal personar på dei enkelte årskulla. Berekningsutvalet legg til grunn at utgiftene er størst for personar for personane ble busett i kartleggingsåret og året etter.

Det kan vere usikkerheit om fordelinga av enkelte utgifter mellom introduksjonsprogrammet og opplæringa i norsk og samfunnskunnskap.

Berekningsutvalet gjer ikkje nokon korrigeringar for, eller analyse av, utslaga målgruppa gjer. Dette gjeld inntekts- systemet for kommunane, rammetilskot eller skatteinntekter, ekstratiltak i grunnskulen og barnehagen sidan det ikkje inngår i Berekningsutvalets mandat. Unntak er utgifter til kvalifiseringsprogrammet.

Berekningsutvalet vidareutviklar spørjeskjemaet frå kartlegging til kartlegging. Som følgje av endringane vil berek- ninga vert meir presis.

Det er usikkert om kommunen får med riktig tal bustadar til målgruppa, og om marknadsverdien er korrekt. I kart- legginga av 2021 er marknadsverdien kvalitetssikra gjennom tal frå SSB.

Det kan vere utfordrande å kartlegge utgifter til ekstratiltak i grunnskule som går utover dei tiltak som er innlemma i rammetilskotet til kommunane.

Skjemaet som vert nytta i kartlegginga er omfattande, men etter Berekningsutvalet si vurdering er at skjemaet har ei utforming som får med alle relevante utgifter og inntekter som kommunen måtte ha på dei ulike tenesteområda som vert kartlagt.

## **Opplæring i norsk og samfunnskunnskap**

Berekningsutvalet kartlegg kommunane sine utgifter til norsk og samfunnskunnskap for alle vaksne innvandrarar, med og utan rett og/eller plikt. Data vert henta inn frå utvalskommunane gjennom spørjeskjema og rettleiing. Be- rekningsutvalet kartlegging utgifter per undervisningstime. Det vært og nytta tal frå NIR.

Kostnadar per undervisningstime vert kartlagt i spørjeskjemaundersøkinga. Med kunnskap om gjennomsnittleg tal undervisningstimar per deltakar og gruppestørleik vil ein kunne berekne ein snittkostnad per elev. Data vert henta frå NIR som viser personar med rett og/eller plikt til introduksjonsprogram og undervisning i norsk og samfunns- kunnskap.

## Kartlagde utgiftsområder

Tilskotet til norskopplæring er meint å dekkje utgifter til lærarlønn, administrasjon, undervisningsmateriell og reisestøtte. Opplysningane som er innhenta via spørjeskjemaet kan delast inn i tre hovudkategoriar; omfang, utgifter og inntekter.

### *Omfang*

Kommunane gir tal på kor mange tal vaksne innvandrarak som fekk norskopplæring i kommunen, og kor mange av desse som utløyste tilskot. I tillegg gir kommunen tal på kor mange asylsøkjarak, personar med plikt og andre betalingsdeltakarar som fekk opplæring. Ein kartlegg utgifter til alle deltakarar som fekk opplæring, også dei som kommunen ikkje får tilskot for.

### *Utgifter*

Utgiftene ein kartlegg er lærarlønn, administrasjon, undervisningsmateriell, reisestøtte og lokalar. Utgifter til introduksjonsordninga vert flytta over til hovudkartlegginga, og reknast ikkje med i utgiftene til norskopplæringa.

### *Inntekter*

Inntektene som vert kartlagt er per capita-tilskotet (persontilskot), grunntilskot, inntekter frå andre kommunar, persontilskot frå andre kommunar, deltakarbetaling, tilskot for norskopplæring av asylsøkjarak og andre inntekter.

### *Berekning av utgifter per time*

Utgifter per undervisningstime er berekna ved å dele utgifter som den enkelte kommune har hatt på tal undervisningstimar i norsk og samfunnskunnskap.

Gjennomsnittsutgifter per undervisningstime betyr at utgiftene er summert for heile utvalskommunane og delta på tal undervisningstimar. Utgiftsnivået i kommunar med flest undervisningstimar betyr mest for resultatet.

Når ein kjenner til den gjennomsnittlege kostnaden per deltakartime kan ein berekne dette mot gjennomsnittleg tal timar deltakarane i målgruppa har mottatt når dei går ut av opplæringa. Slik kan ein sjå kor mange timar persontilskotet skal dekke i gjennomsnitt.

## Vurdering av datakvalitet

Opplæringa i kommunane vert i stor grad organisert etter deltakarane sine kunnskapar. Personar med rett og plikt får opplæring i same gruppe som andre deltakarar. Opplæring i norsk og samfunnskunnskap kan også vere del av eksamensretta grunnskuleopplæring. Det kan difor vere vanskeleg å skilje ut utgifter og undervisningstimar til personar med persontilskot.

For kommunane kan det vere vanskeleg å skilje mellom ordinær opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og anna opplæring i introduksjonsprogram, grunnskuleopplæring for vaksne og så vidare. Skjemaet er utforma slik at kommunane skal skilje ut utgifter til opplæring utover norsk og samfunnskunnskap, og føre tale over til administrasjonsskjemaet, for å sikre at dei kartlagde utgiftene i hovudsak gjeld opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Dei siste åra har Berekningsutvalet føretatt ei meir systematisk kvalitetssikring av opplysningar, blant anna ved å leggje inn automatiske kontrollar av forholdet mellom lærarlønn, årsverk og tal undervisningstimar i skjemaet.

I enkelte kommunar er det skilnad mellom kva kommunane skriv i skjemaet, og rapporterte KOSTRA-tal. Mogleg årsak er at kommunane må stipulere leigeutgiftene sine når dei avgrensar kostnadane til å gjelde målgruppa. Det er også eit stort spenn i lokalutgifter på undervisningstime mellom utvalskommunane.

Berekningsutvalet vurderer at kartlegginga gir eit godt grunnlag for å berekne utvikling i timepris.

### **Kommunale helsetenester**

Av metodiske årsaker kartlegg ein ikkje utgifter til den kommunale helsetenesta. I forbinding med kartlegginga ih 1996 vart det utarbeida tre rapportar frå ulike forskingsinstitusjonar kor ein såg nærare på utgifter i helsesektoren til målgruppa. Helseutgiftene vart i 1997 stipulert til 15 000 kroner per flyktning over fem, og har vorte prisjustert etter utvikling i kommunal deflator. Kommunal deflator var på XX prosent i 2021. Helseutgiftene per person i målgruppa over femårsperioden vart prisjustert til kroner XX i 2021.

I 2006 gjennomførte helseutvalet ein avgrensa spørjeundersøking om kommunane sine helseutgifter til målgruppa. Kommunane som deltok var Bamble, Stavanger, Trondheim og Rana. Resultatet var at kommunane sin helseutgifter låg under dei stipulerte helseutgiftene. Vi viser til Berekningsutvalets rapport frå 2006.

# 10 Vedlegg

**Vedlegg 1: Oversikt over utvalskommunane sine utgifter til integreringstiltak og administrasjon i 2021 og 2020. Tal i målgruppa er tal per 31.12.2021.**

Kommune	Tal på målgruppa		Totale utgifter (hovudundersøkinga)		Utgifter per person	
	2021	2020	2021	2020	2021	2020
Moss	342	387	26 355 552	39 998 895	77 063	103 356
Lillestrøm	485	683	47 696 290	58 537 268	98 343	85 769
Oslo	2 707	3 801	208 213 414	256 812 919	76 931	67 565
Lillehammer	223	284	17 835 932	8 012 059	79 982	28 211
Sandefjord	370	446	35 148 517	18 124 032	94 996	40 637
Larvik	303	378	31 360 604	29 989 743	103 500	79 338
Bergen	1 589	2 121	174 026 056	284 902 328	109 519	134 325
Kinn	252	296	18 522 998	20 179 240	73 504	68 173
Kristiansund	196	269	9 665 355	14 221 518	49 313	52 967
Ålesund	402	565	40 411 272	34 326 655	100 651	60 809
Trondheim	1 561	2 122	127 364 133	162 866 963	81 618	76 770
Stjørdal	246	179	24 651 406	16 551 406	100 413	57 074
Narvik (NY)	147		11 675 660		79 426	
Drammen (NY)	701		49 437 354		70 574	
Gloppen	106	122	10 903 008	6 503 229	103 346	53 525
Haugesund (NY)	256		31 990 398		125 207	
Harstad (NY)	226		22 139 811		98 181	
Nordre Follo (NY)	369		39 987 110		108 366	
Sarpsborg (NY)	283		26 895 143		95 036	
Stavanger (NY)	936		98 078 389		104 841	

**Vedlegg 2: Tal personar i målgruppa for integreringstilskot i utvalskommunane per. 31.12.2021. Tal innbyggjarar totalt i kommunane og tal personar i målgruppa frå SSB.**

	Tal innbyggjarar i kommunen per 31.12.21	Tal personar i målgruppa per 31.12.2021	Målgruppa sin prosentdel av tal innbyggjarar
Moss	50 290	342	0,68
Lillestrøm	89 095	473	0,53
Oslo	699 827	2 706	0,39
Lillehammer	28 440	221	0,78
Sandefjord	64 943	370	0,57
Larvik	47 777	303	0,63
Bergen	286 930	1 589	0,55
Kinn	17 131	252	1,47
Kristiansund	24 013	181	0,75
Ålesund	67 114	384	0,57
Trondheim	210 496	1 452	0,69
Stjørdal	24 287	242	1,00
Narvik (NY)	21 530	99	0,46
Drammen (NY)	102 302	777	0,76
Gloppen	5 875	103	1,75
Haugesund (NY)	37 444	257	0,69
Harstad (NY)	24 804	221	0,36
Nordre Follo (NY)	61 032	328	0,56
Sarpsborg (NY)	58 182	283	0,20
Stavanger (NY)	144 699	936	0,65
TOTALT	2 066 211	11 519	0,56

**Vedlegg 3. Oversikt over kommunane sine totale inntekter og utgifter til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Beregningsutvalet sin vaksenopplæringsundersøking, 2021. Kroner.**

<b>Kommune</b>	<b>Totale utgifter m. lokale</b>	<b>Totale inntekter</b>	<b>Resultat</b>
Moss	12 731 526	11 732 826	-998 700
Lillestrøm	13 646 287	18 603 114	4 956 827
Oslo	231 438 646	155 468 862	-75 969 784
Haugesund	12 025 987	8 757 173	-3 268 814
Lillehammer	12 929 727	6 291 693	-6 638 034
Sandefjord	12 076 667	6 410 109	-5 666 558
Larvik	20 717 977	9 195 719	-11 522 258
Bergen	74 997 085	60 649 488	-14 347 597
Kinn	11 614 531	3 580 343	-8 034 188
Gloppen	4 400 300	2 357 839	-2 042 461
Kristiansund	9 546 635	6 229 133	-3 317 502
Ålesund	22 855 291	17 632 956	-5 222 335
Trondheim	58 967 790	36 301 464	-22 666 326
Narvik	4 839 550	2 801 745	-2 037 805
Drammen	25 276 108	20 379 531	-4 896 577
Nordre Follo	11 306 988	9 563 240	-1 743 748
Harstad	12 365 169	5 857 905	-6 507 264
Sarpsborg	21 202 872	10 077 728	-11 125 144
Stavanger	47 710 102	33 584 106	-14 125 996
Stjørdal	8 015 288	4 531 944	-3 483 344

Kilde: Beregningsutvalget.

**Vedlegg 4. Tal deltakarar og undervisningstimar totalt i 2021 og 2020 for utvalskommunane.**

Kommune	Deltakarar				Undervisningstimar			
	2021	2020	Endring	%	2021	2020	Endring	%
Oslo	5 222	5451	-229	-4 %	98 681	107049	-8 368	-7,8
Bergen	2 362	1313	1 049	80 %	42 630	37844	4 786	12,6
Drammen (NY)	534	-			15 096	-		
Gloppen	47	71	-24	-34 %	2 593	2512	81	3,2
Harstad (NY)	158	-			5 558	-		
Haugesund (NY)	317	-			8 078	-		
Kinn	90	149	-59	-40 %	5 322	4988	334	6,7
Kristiansund	203	214	-11	-5 %	5 290	13695	-8 405	-61,4
Larvik	386	451	-65	-14 %	14 098	13695	403	2,9
Lillehammer	187	253	-66	-26 %	7 524	9087	-1 563	-17,2
Lillestrøm	330	472	-142	-30 %	11 932	11544	388	3,4
Moss	400	449	-49	-11 %	9 471	8749	722	8,3
Narvik (NY)	50	-			2 918	-		
Nordre Follo (NY)	87	-			9 696	-		
Sandefjord	131	227	-96	-42 %	6 800	10034	-3 234	-32,2
Sarpsborg (NY)	353	-			10 511	-		
Stavanger (NY)	1 233	-			26 975	-		
Stjørdal	148	163	-15	-9 %	4 462	3926	536	13,7
Trondheim	535	872	-337	-39 %	27 880	32512	-4 632	-14,2
Ålesund	540	574	-34	-6 %	16 319	17926	-1 607	-9,0
I alt	13 313	10 659	-78		331 834	273 561	-20 559	


**Vedlegg 5. Utgifter fordeling på utgiftsområder i 2017-2021**

	Barnevern	Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid	Introduksjonsprogram	Grunnskoleopplæring for vaksne
2021	21989	18063	21834	15540
2020	33288	19293	16317	12101
2019	40538	20529	18834	10645
2018	48181	22418	18385	10643
2017	51737	25044	19582	8677
	Bustad	Ekstratiltak grunnskule	Barnehage	Felleskostnadar
2021	12736	9843	5452	3565
2020	10614	7399	6070	2732
2019	9921	7985	6534	3169
2018	11559	7985	4897	3526
2017	14692	8099	4754	3675
	Kultur- og ungdomstiltak	Støttekontakt	Kvalifiseringsprogram	Sysselsetting
2021	1521	714	11	807
2020	1435	416	2019	743
2019	1400	0	1441	790
2018	1265	761	1715	1165
2017	1322	846	1546	800


Kilde: Beregningsutvalget.



**Vedlegg 6. Variasjon i utgifter mellom utvalskommunane i hovudundersøkinga i 2021. Kronar.**



**Vedlegg 7. Variasjon i totalutgifter mellom utvalskommunane. Kronar.**



**Vedlegg 8 . Hovudundersøkinga. Gjennomsnittsverdiar innan ulike utgiftsområder i 2021. Nettoutgift per person i målgruppa som utløyser integreringstilskot per år. Kronar.**

	heile utvalet - totale kostnader / heile målgruppa 2021	2020	Endring: kroner	Endring : prosent
SUM pr. person: Sosiale tenester	18 063	19 300	-1 237	-6,4 %
SUM pr. person: Introduksjonsprogram	21 834	16 300	5 534	33,9 %
SUM pr. person: Grunnskoleopplæring for vaksne	15 540	12 100	3 440	28,4 %
Sum pr person: kvalifiseringsprogram	11	2 000	-1 989	-99,5 %
SUM pr. person: Sysselsettingstiltak	807	700	107	15,2 %
SUM pr. person: Bustad og bustadadministrasjon	12 736	10 608	2 128	20,1 %
SUM pr. person: Støttekontakt	714	400	314	78,4 %
SUM pr. person: Barnevern	21 989	33 300	-11 311	-34,0 %
SUM pr. person: Ekstratiltak i grunnskolen	10 381	7 400	2 981	40,3 %
SUM pr. person: Barnehagar	5 452	6 100	-648	-10,6 %
SUM pr. person: Felleskostnader	3 565	2 700	865	32,0 %
SUM pr. person: Kultur- og ungdomstiltakskostnader	1 521	1 400	121	8,6 %
Særskilt tilskot einslege mindreårige	-22632	-31 200	8 568	-27,5 %
SUM	89 082			